



Fylkesmannen i Rogaland

# TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Skulebasert vurdering

Sauda kommune - Fløgstad skule

03.02.2021

## **Samandrag**

Vi fører tilsyn med Sauda kommune. Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, som frå 13.12.2019 blei eige tema i felles nasjonalt tilsyn. Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Vi har funne at Fløgstad skule gjennomfører aktivitetar som regelverket i § 2-1 i forskrift til opplæringslova krev. Dei samla funna våre viser likevel at den skulebaserte vurderinga er fragmentert og ikkje systematiske nok. Konsekvensen av dette er at skulen ikkje oppfyller lovkrava.

Kommunen fekk tilsendt førebels tilsynsrapport 15.12.2021. Dei uttalte seg om denne i e-post 08.01.2021. I uttalen ønskjer kommunen å rette opp i nokre misforståingar, men er ikkje usamde i det varsla pålegget. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 01.07.2021.

# Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Kort om kommunen .....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
1.3	Formålet med tilsynet .....	5
2	Skulebasert vurdering.....	6
2.1	Rettslege krav.....	6
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	7
2.2.1	Skulebasert vurdering på Fløgstad skule .....	8
2.2.2	Medverknad i den skulebaserte vurderinga .....	11
3	Våre reaksjonar.....	13
4	Oppfølging av pålegga .....	14
5	De har rett til å klage .....	14
	Vedlegg: Liste over dokumentasjon .....	15

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentligelova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om kommunen

Sauda kommune er ein kommune med ca. 4500 innbyggjarar. Skulane i Sauda har rundt 600 elevar fordelt på 4 skular. Satsingsområde for kommunen er *Læring med digital støtte i Saudaskulen*.

Fløgstad skule er ein barneskule, og har omlag 140 elevar og 24 tilsette. Fløgstad skule blei bygd i 1926, og ligg sentralt i Sauda sentrum. Visjonen til skulen er *Gi elevane gode læringsopplevingar med meistring og mening*.

Tilsynet skal vere risikobasert. Risikovurderinga byggjer på informasjon Fylkesmannen har frå ulike kjelder; kvantitative data, informasjon frå klagesaker og tilsyn og informasjon frå sektor og andre. Fløgstad skule blei valt på bakgrunn av negativt skulebidrag over tid, og tidvis stor andel elevar på lågaste meistringsnivå i lesing og rekning.

I 2019 gjennomførte KPMG ein forvaltningsrevisjon retta mot kvalitetsarbeid i skulane i Sauda kommune. Skulane sitt arbeid med skulebasert vurdering var då eit av fleire tema. I rapporten finn vi at *Revisjonen vurderer på bakgrunn av intervjudata at skulane gjennomfører aktivitetar i tråd med skulebasert vurdering, men at desse aktivitetane ikkje er sett i system. Kommunen har tatt tak i dette, og er i ferd med å utarbeide eit system for skulebasert vurdering. Kommunen har i denne samanheng utarbeida ei rutine og eit årshjul for arbeidet med skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering vil gjennomførast på alle skulane som ei pedagogisk analyse i månadsskiftet mars-april kvart år. Våren 2019 vil skulane foreta ei skulebasert vurdering på motivasjon, som er vald ut på bakgrunn av resultat frå elevundersøkinga der skulane skårar dårleg*.

Vi kan ikkje finne at skulebasert vurdering på motivasjon er blitt følgt opp. I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport peiker kommunen på at dette er følgt opp hausten 2020, gjennom satsinga digital støtte for læring.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Sauda kommune i brev frå 18.06.2021. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjon for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Dersom Sauda kommune ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende foreløpig tilsynsrapport til dykk 15.12.2020. I den presenterte vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar.

## 1.3 Formålet med tilsynet

Opplæringssektoren skal arbeide med kvalitet i opplæringa i alle ledd, frå nasjonale myndigheiter og skuleeigarar til skuleleiarar og lærarar. Kvalitetsarbeidet skal gjennomførast lokalt med støtte i nasjonale satsingar, nasjonale eller regionale kompetansepakker og desentralisert ordning. Skulebasert kompetanseheving skal ta utgangspunkt i lokale analyser ved hjelp av skulebasert vurdering. Rapporten frå *Ekspertgruppe for skolebidrag*<sup>1</sup> legg vekt på at vurdering og utvikling av kvalitet må skje i lys av den enkelte skulen sin kontekst og utfordring. Difor blir den skulebaserte vurderinga viktig i kvalitetsarbeidet.

Profesjonsfellesskap og skuleutvikling skal vere eit prinsipp for skulen sin praksis<sup>2</sup>. God skuleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar og eit profesjonsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen i skulen bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Alle tilsette i skulen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å vidareutvikle skulen. Det inneber at fellesskapet reflekterer over verdivar og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har ut frå sine ulike roller eit felles ansvar for å legge til rette for god utvikling i skulen. Dei må saman sørge for at praksisen i skulen er i samsvar med heile læreplanverket.

---

<sup>1</sup> <https://nettsteder.regjeringen.no/skolebidrag/files/2020/09/Kunnskapsgrunnlag-Ekspertgruppe-for-skolebidrag.pdf>

<sup>2</sup> <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/3.-prinsipper-for-skolens-praksis/3.5-profesjonsfellesskap-og-skoleutvikling/>

I NOU 2019:23 *Ny opplæringslov*<sup>3</sup> seier utvalet at *arbeid med kvalitetsutvikling i skulen er viktig for å sikre barn sine grunnleggande menneskerettar og for å nå måla med opplæringa*. Vidare meiner utvalet at det bør vere eit eksplisitt krav i ny lov at kommunane skal arbeide for å oppretthalde og heve kvaliteten i opplæringa. Skulebasert vurdering vil vere grunnlaget for kommunen si kvalitetsutvikling.

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Dette betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørger for at skulen ved skulebasert vurdering

- har brei og samla vurdering av måloppnåinga til elevane
- vurderer om endringar kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- følger opp eventuelle endringar
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- sikrar at elevane medverkar i den skulebaserte vurderinga
- gjennomfører vurderinga jamleg

Dette er viktige føresetnader for at organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan forbetrast, slik at elevane i større grad når måla for opplæringa.

## 2 Skulebasert vurdering

### 2.1 Rettslege krav

#### **Skulen skal bruke eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket**

De skal jamleg vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til at elevane når måla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må de samanhalde resultatet av opplæringa med mål og prinsipp i læreplanverket. De må ha eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av måla i læreplanverket, både faglege mål og mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område. De må bruke kunnskapsgrunnlaget til å vurdere i kva for grad elevane når måla for opplæringa.

#### **Skulen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane**

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane. I kravet ligg det at de må vurdere ulike typar endringar, for eksempel nye tiltak, utviklingsarbeid eller ei vidareføring av det de allereie gjer. De må vurdere endringane for skulen

---

<sup>3</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/?ch=1>

som heilskap, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klasser eller for enkelte fag.

### **Skulen skal evaluere dei iverksette endringane og gjere nødvendige tilpassingar**

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket. Når de gjennom vurderinga avdekkjer forbettringsområde, må de derfor følge opp dette vidare. Dersom endringane ikkje fører til betring, må de gjere nødvendige tilpassingar.

### **Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering**

Vurderinga må involvere alle partar det vedkjem i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla. Lærarane er sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. De vurderer elles kven som skal delta.

### **Skulen må involvere elevane i den skulebaserte vurderinga**

For å kunne vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til at elevane når måla i læreplanverket, må de involvere elevane. Det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men de skal alltid involvere elevane, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

### **Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg**

De må gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør skulen gjennomføre vurderinga årleg, men samstundes vurdere tidsbruken opp mot kva som er forsvarleg.

## **2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

Utdanningsdirektoratet har utvikla støttemateriell for å driva kvalitetsarbeid i opplæringa<sup>4</sup>. I kvalitetsarbeidet må skulen stille seg dei overordna spørsmåla *Kva veit vi? Kva får vi til? Kva kan vi bli betre på? Korleis kan vi endre praksis?* Kvalitetsarbeid inneber at skulen set seg mål, vel tiltak og evaluerer. Som ein del av desse prosessane må skulen innhenta informasjon om nåsituasjonen og laga felles mål eller framtidsbilde. For å sørge for at tiltaka blir gjennomførte og evaluerte undervegs, anbefaler vi at skulen set seg delmål eller milepælar. Faste stopp-punkt undervegs vil òg bidra til at skulen arbeider systematisk og heilskapleg. Profesjonsfellesskapet og elevmedverknad er sentrale prinsipp for å driva kvalitetsutvikling i skulen. Eit kjenneteikn på eit profesjonsfellesskap er at skulen saman vurderer og vidareutviklar sin praksis og at fellesskapet brukar forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Kontrollspørsmåla i tilsynet er utarbeidd frå dei rettslege krava, og viser korleis skulebasert vurdering er eit kvalitetsarbeid på den enkelte skule. For å vurdere om skulen oppfyller krava i

---

<sup>4</sup> <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/>

regelverket, legg vi eigenvurderinga i RefLex, intervju og innsendt dokumentasjon til grunn for vurderingane våre.

## **2.2.1 Skulebasert vurdering på Fløgstad skule**

Skulebasert vurdering kan delast inn i tre delar. Å få oversikt over nåsituasjonen, identifisere, velje og gjennomføre endringar, og deretter å evaluere og justere endringane. I alle delane stiller regelverket krav om at skulen skal gjere vurderingar av eigen praksis. Eigen praksis er å forstå som organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

### **Bruker skulen eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket?**

For å få oversikt over nåsituasjonen, må skulen bruke eit breitt kunnskapsgrunnlag. Dette skal brukast til å vurdere eigen praksis, både kva skulen får til og kva skulen ikkje får til.

I RefLex svarer nær alle lærarane at skulen bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket, og nemner elevsamtaler, ulike vurderingssituasjonar, foreldresamtalar, nasjonale prøvar og brukarundersøkingar. Vi finn ikkje at skulebidragsindikatorane blir nemnd som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Fløgstad skule bruker VISMA for å dokumentere elevane sin måloppnåing. Alle lærarane skriv inn vurdering av kompetanse og framovermeldingar, minst to gongar i året. Skuleleiinga har tilgang til dette, og planlegg å gå gjennom informasjonen og gi tilbakemeldingar.

I tilsynet kjem det også fram at resultat på dei nasjonale prøvane blir lagt fram og drøfta i kollegiet. Elevar på lågast meistringsnivå får tilbod om lesekurs, og det same gjer elevar under kritisk grense på kartleggingsprøvar.

Fylkesmannen meiner at skulen har eit breitt kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg for å vurdere den enkelte elev sin måloppnåing. I krava til skulebasert vurdering ligg det at den enkelte skule skal samle dei ulike kjeldene til måloppnåing, gjerne i eit stopp-punkt kor alle kjeldene er samanfatta og sett i lys av kvarandre. Sjølv om skulen bruker fleire kjelder i kunnskapsgrunnlaget sitt, finn vi ikkje at desse blir samla og sett på heilskapleg. I kunnskapsgrunnlaget bør, i tillegg til kvantitative kjelder, også kvalitative kjelder inngå, som lærarane sine vurderingar av elevane sin måloppnåing.

Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast til å vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket. I denne vurderinga skal ein også sjå på det som fungerer. I eksempelet med skulen sitt arbeid med dei nasjonale prøvane blir dei dårlege resultatata trekt fram og agert på, men personalet drøfter ikkje det som skulen får til. Vi finn ikkje at skulen systematisk vurderer kva i opplæringa som fungerer og ikkje fungerer.

Fylkesmannen meiner at den samla dokumentasjonen berre i noko grad viser at skulen har spurt seg sjølv kvifor resultatata er som dei er, eller tolka resultatata i lys av observasjonar og erfaringar frå



skulen sin praksis. For eksempel har skulen analysert resultatene frå nasjonale prøver, men dokumentasjonen viser ikkje kva vurderingar skulen gjer av eigen praksis opp mot resultatene. Dermed veit skulen om dei har positiv eller negativ utvikling, men i mindre grad kva det er i skulen sin praksis som fører til denne utviklinga. Resultatene frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga er indikatorar på måloppnåing på ulike område i læreplanen. Faglege resultat kan vere tett knytt saman med opplevingar i læringsmiljøet, noko elevane kan gi uttrykk for i Elevundersøkinga. Tilsynet vårt viser ikkje at skulen reflekterer over slike moglege samanhengar.

Vi finn ikkje at skulen samlar eit breitt kunnskapsgrunnlag, og at ulike kjelder systematisk blir brukt til å vurdere eigen praksis og elevane sine måloppnåing. Kommunen skal i gang med ekstern vurdering av skulane, og skuleeigar har utarbeida ei rutine for dette, *Styringsdialog og oppfølging med skulane – ekstern vurdering*. I denne står det at alle skulane skal presentere eit samla bilete av resultatene, samt ei analyse av kva dei lykkast med og kva dei kan forbetre. Denne rapporten skal utarbeidast i april, og vil kunne utgjere det breie kunnskapsgrunnlaget som krevst i den skulebaserte vurderinga. Krava i malen kan med fordel knytast tettare til ei vurdering av elevane sine måloppnåing.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket.

Fløgstad skule har tilgang til, og bruker fleire kjelder i kunnskapsgrunnlaget sitt, men dei har ikkje samla kjeldene og sett dei i samanheng. Skulen har heller ingen systematisk vurdering av skulen sitt bidrag til elevane sine måloppnåing.

#### **Vurderer skulen om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane?**

På bakgrunn av analysane av kunnskapsgrunnlaget, skal skulen velje eit satsingsområde som bidrar til auka måloppnåing hos elevane.

Som nemnt over, finn vi ikkje at skulen har eit breitt nok kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket. Kommunen har lagt føringar for val av satsingsområde dette skuleåret. Satsingsområdet skal handle om iPad, og i kommunen sin plan for utviklingstid kjem det fram at valet skal baserast på ei brukarundersøking. Denne undersøkinga er knytt til innføring av iPad, samt spørsmål om opplevinga med heimskule i vår. Både elevar, føresette og lærarar har svart på undersøkinga.

Ved Fløgstad skule blei undersøkinga presentert og diskutert i kollegiet. I undersøkinga kom det fram at elevane ønskte meir varierte arbeidsformer, som til dømes gruppearbeid, og at lærarane ønskte aktive elevar og mindre tavleundervisning. Kollegiet diskuterte seg fram til at periodeplanar, som erstatning for halvårsplanar, ville svare på desse utfordringane, og at ny vurderingsforskrift og nye læreplanar gjorde dette valet enda meir aktuelt. Skulen trakk også inn Elevundersøkinga, og elevane sine svar på spørsmål om motivasjon og elevmedverknad. På

intervjutidspunktet var det utarbeida ei skisse for oppstart av dette arbeidet, som viser at skulen skal jobbe med satsinga fram til jul, og gå i gang med første periodeplan frå januar.

Skulen sjølv tenker at satsingsområdet er litt på sida av kommunen sitt ønske om tilknytning til iPad, men valde det likevel utifrå eit sett lokale behov. Fylkesmannen meiner at dette viser at skulen har vurdert at endringar i praksis vil føre til auka måloppnåing. Satsingsområde er også innanfor kravet om at endringa skal gjelde for heile skulen.

Målet med skulebasert vurdering er å auke måloppnåinga til elevane. For å vurdere kva for tiltak som er best eigna til dette, bør ein bruke profesjonsfellesskapet sin erfaringsbaserte kunnskap, i tillegg til forskingsbasert kunnskap.

I tilsynet finn vi likevel ikkje dokumentasjon som knyter valet av utviklingsområdet direkte til elevane si måloppnåing, sjølv om det i intervju kom fram at dette låg bak. Vi finn heller ikkje at kollegiet vurderte andre satsingsområde, men i intervju kom det fram at dette området skilte seg klart ut, og at det var stor semje om dette. Det er i det heile lite dokumentasjon på val av satsingsområde, og skulen bør føre referat frå slike møte. Dersom ein har skriftleggjort dokumentasjon med bakgrunn for val, og diskusjonane kring dette, vil det truleg bli enklare å formulera eit klart problemområde som igjen skal vere grunnlaget for kva skulen skal utvikle og endre i løpet av utviklingsarbeidet.

For vidare val av satsingsområde bør skulen bruke eit breiare kunnskapsgrunnlag, som den nemnde rapporten i samband med ekstern vurdering av skulane. Skulen bør også dokumentere val av satsingsområde betre, både med tanke på analyse av ståstad, målsettingar, milepælar og evalueringar.

Kommunen har nyleg utarbeida ei *Rutine for skulebasert vurdering*. Denne inneheld blant anna retningslinjer for val av utviklingsområde, målsettingar og grunngeving. Når skulen tar denne rutinen i bruk, vil valet av satsingsområde vere enda betre forankra og dokumentert.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane.

Skulen har valt tema for satsingsområde, men ikkje i tilstrekkeleg grad knytt dette til måloppnåinga til elevane. Skulen har starta ein prosess i arbeidet med satsingsområdet, men har ikkje kome langt nok i arbeidet til at lovkrava er innfridde.

#### **Evaluerer skulen dei endringane som er sette i verk og gjer nødvendige tilpassingar?**

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket.

I RefLex er det fleire som nemnar at sosiale tiltak blir evaluerte i heile kollegiet, men at det ikkje er like innarbeida å evaluere faglege tiltak i fellesskap. I intervju kjem det fram at faglege tiltak blir evaluerte av faglærarar og kontaktlærarar. Individuelle tiltak som blir sette i verk etter svak gjennomføring på nasjonale prøver eller kartleggingsprøver, blir evaluerte og tiltak blir justerte.

Det kan synast som om skulen evaluerer tiltak for enkeltelevar, men vi finn ikkje at dette er sett i system. I tilsynet finn vi ikkje at iverksette tiltak er evaluert systematisk og heilskapleg på skulenivå. Vi finn heller ikkje eksempel på at skulen har justert tiltak etter evaluering.

Skulen er i startfasen med nytt satsingsområdet, og har ikkje utarbeida fullstendig framdriftsplan enda. I denne planen må jamleg evaluering og justering vere omtalt. God praksis for å kunne evaluere verknaden av eit utviklingsarbeid, vil vere å gjennomføre ei systematisk utprøving av tiltaka. I tillegg må planen innehalde tidfesta stopp-punkt for å reflektere og stille spørsmål om verknaden av endringane.

Den nemnde rutinen for skulebasert vurdering har eit punkt om at det valde utviklingsområdet skal evaluerast. Dersom skulen følger denne rutinen, vil dei sikre at alle tiltak blir evaluerte.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje evaluerer iverksette endringane og ikkje gjer nødvendige tilpassingar.

Det blir gjort evalueringar, men vi finn ikkje at dette blir gjort systematisk på skulenivå.

### **Gjennomfører skulen skulebasert vurdering jamleg?**

I intervju og eigenvurderingane kjem det fram at dei tilsette på skulen ikkje har ei felles forståing for kva skulebasert vurdering er. Både lærarane og leiinga seier at dei har arbeida med skuleutvikling, men at dei ikkje har brukt omgrepet skulebasert vurdering, og at arbeidet heller ikkje er sett i noko system.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje gjennomfører skulebasert vurdering jamleg.

## **2.2.2 Medverknad i den skulebaserte vurderinga**

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga. Formålet er at skulen skal få kunnskap om erfaringane til dei det angår for å utvikle ein praksis som fører til best mogleg læring for elevane.

### **Sørger skulen for brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga?**

Skuleeigar er involvert i arbeidet med skulebasert vurdering og har forventningar om at dette skal gjennomførast jamleg. Skuleeigar har utarbeida *Rutine for skulebasert vurdering og Rapport for skulebasert vurdering* som det er forventast at skulane i Sauda skal følge opp. I tillegg skal det gjennomførast ekstern vurdering av alle skulane. Formålet med den eksterne vurderinga er at skuleeigar skal sikre at skulane møter lovkrava og sikre skuleeigar og skulane informasjon som grunnlag for gode grep i skuleutviklinga. Det er laga eit årshjul som inneheld ein plan for dette arbeidet.

Lærarane er, saman med elevane, dei mest sentrale i gjennomføringa av tiltaka, og det er derfor viktig at dei er involverte i analysen av kunnskapsgrunnlaget. Det vil kunne skape ei felles forståing av nåsituasjonen. Våre undersøkingar viser at lærarane ved Fløgstad skule hausten 2020 har vore med på val av tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen baserer val av tema på ei undersøking som er gjort blant elevar, føresette og tilsette ved skulen. Lærarane har i fellestid analysert og diskutert resultatet av denne undersøkinga og har i fellesskap kome fram til eit tema som dei vil arbeide vidare med.

I tilsynet kjem det fram at lærarane kvart år er med på analysen av nasjonale prøvar, Elevundersøkinga og trivselsundersøking. I tillegg til å vera med i analysearbeidet, skal dei tilsette ha medverknad i arbeid med endringar og i arbeid med kva tiltak som skal settast i verk.

I intervju kjem det fram at arbeidet med endringar og tiltak fram til nå stort sett har skjedd på trinn- og teamnivå. Planen for *Skulebasert vurdering, Fløgstad skule, 2020-2021*, vil kunne sikre at arbeidet skjer på skulenivå slik at lærarane får medverke systematisk og heilskapleg i skulen si utvikling. Planen viser at det er sett opp tidspunkt for innføring av endringane, kva periode endringane skal gjennomførast i og kor tid arbeidet skal evaluerast. Skulen har henta inn ein ekstern rettleiar som skal hjelpe dei med prosessen.

Tilsynet har avdekka at lærarane i liten grad har vore forplikta til å gjennomføra felles bestemte tiltak, eller at dei systematisk har vurdert verknaden av tiltaka opp mot elevane si måloppnåing og utvikling. Vi finn heller ikkje at arbeidet som er gjort har bevisstgjort lærarane på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og elevane si måloppnåing.

Samarbeidsutvalet (SU) er eit rådgjevande organ som kan uttale seg om alle saker som gjeld skulen. Då utvalet består av representantar frå både undervisningspersonalet, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen, vil arbeidet her kunne bidra til brei og representativ medverknad.

Føresette blir høyrte gjennom FAU og SU, der blir resultatane på mellom anna nasjonale prøvar og Elevundersøkinga presentert. FAU seier at det er rom for å stilla spørsmål og at dei diskuterer resultatane. Dei opplever at dei blir tatt på alvor av leiinga på skulen. I intervju fortel FAU at dei var involvert i iPad-satsinga. Vi har ikkje fått dokumentasjon på planlagde og gjennomførte møter i SU. I tidlegare nemnt rutine for skulebasert vurdering står det at foreldreråd skal vera med i prosessen. Undersøkingane våre viser ikkje at skulen har eit bevisst forhold til kva SU eller andre råd skal involverast i. For å oppfylle kravet til brei og representativ medverknad, må skulen synleggjere ei større bevisstheit rundt involvering i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak. Koplinga til stopp-punkta i den skulebaserte vurderinga må vere tydelege. Mål med involveringa og tidfesting av når arbeidet skal skje, bør kome fram av årshjula.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje har hatt brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga.

Men skulen har planar for korleis den skal sikre medverknaden framover.

### **Involverer skulen elevane i den skulebaserte vurderinga?**

Skulen skal involvera elevane for å kunne vurdere i kva grad eigen praksis bidreg til at elevane når måla i læreplanen. Regelverket seier at skulen alltid skal involvere elevane, men at ein kan vurdere når og kor mange.

I tilsynet kjem det fram at dei tilsette meiner at elevane er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget. Elevane uttrykte at dei ønskte meir varierte arbeidsmetodar, mellom anna gruppearbeid. Skulen har tatt omsyn til dette når dei bestemte seg for utviklingsområde. I prosessen med å velje utviklingsområde, har elevane fått deltatt gjennom spørjeundersøkinga.

Elevrådet får presentert resultat frå mellom anna nasjonale prøver og Elevundersøkinga. Dei kan stille spørsmål eller koma med tilbakemeldingar, men dei får i liten grad vere med i vurderingar og å bestemme eventuelle tiltak. Elevane kjenner til at skulen har ein plan for utviklingsarbeid. Representantane i elevrådet seier at dei opplever at dei blir tatt på alvor og at dei vaksne på skulen høyrer på dei.

For å utvikle og oppretthalde god praksis, må lærar og elev jamleg vurdere undervisninga og læringsmiljø for å sikre god læring. Informasjonen skal brukast både til å forbetre opplæringa for elevane, og som informasjon i skulebasert vurdering. Representantane i elevrådet fortel at dei har noko medverknad i klasserommet. Elevane seier at dei av og til får vera med å bestemme kva dei skal arbeide med i timane. Nokre av elevane har vore med og utarbeida klassereglar. Elevane har også medverknad gjennom den daglege samtalen med tilsette, i tillegg gjennom faste elevsamtalar og utviklingssamtalar to gonger i året.

Våre undersøkingar viser at elevane får vere med og ta enkelte val i undervisninga, men at dei ikkje er med og vurderer kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. Både leiinga og dei tilsette seier at dei framover vil trekke elevane meir inn i arbeidet med å utvikle periodeplanane, men at dei ennå er litt usikre på korleis dei vil gjere dette.

#### Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at skulen per i dag ikkje i tilstrekkeleg grad involverer elevane i den skulebaserte vurderinga.

## **3 Våre reaksjonar**

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgande, jf. kommunelova 30-4:

**Sauda kommune må sørge for at Fløgstad skule oppfyller kravet til skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.**

Kommunen må sørge for at skulen

- bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane
- evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar

- har brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering
- involverer elevane i den skulebaserte vurderinga
- gjennomfører skulebasert vurdering jamleg

## 4 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 01.07.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## 5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 03.02.2021

Thomas Wegner Thomassen  
tilsynsleiar

Ragnhild Otto

Randi Bjørkås

## Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Oversikt over personalet
- Organisasjonskart, Fløgstad skule
- Skulebasert vurdering, Fløgstad skule, 2020 – 21
- Måndagsplanar hausten 2020
- Felles sosial læreplan - Fløgstad skule
- Vekelappen veke 42 og 44
- Gruppearbeid – elevmedverknad og aktive elevar
- Eksempel på halvårsvurdering i norsk haust 2020
- Referat frå rektormøte 28.11.19
- Prosjektplan 2018/2019 - Implementering av ny overordna læreplan på Fløgstad
- Vurderingspraksis ved Fløgstad skule, oppsummering frå lærarmøte og arbeid med VFL 2016/17
- Møteplan vårsemester 2019 Fløgstad
- Referat frå intervju i forbindelse med forvaltningsrevisjon Sauda kommune. 27.02.2019
- Skulebasert vurdering – Tilsyn Sauda ungdomsskule og Fløgstad skule 2020
- KPMG: *Kvalitet på opplæringa i skulen*
- Kvalitetssystem for Saudaskulen, med lenker til:
  - Læring med digital støtte i Saudaskulen
  - Innkalling til årsmøte skule 2019-2020
  - Rutine for skulebasert vurdering
  - Rutine for ekstern vurdering – skuleeigars oppfølging av skulane
  - Mail frå utviklingsrettleiar 24.02.20 med lenkje til undersøking
  - Mail frå utviklingsrettleiar 19.08.20
  - Felles presentasjon til bruk i informasjonsarbeidet
  - Eigenvurdering i RefLex, skulebasert vurdering
  - Informasjonsskriv til føresette
  - Undersøking elevar (Fylkesmannen har ikkje tilgang)
  - Undersøking lærarar (Fylkesmannen har ikkje tilgang)
  - Undersøking føresette (Fylkesmannen har ikkje tilgang)
  - Rapport skulebasert vurdering
  - Brev om opning av tilsynet
  - Eigenvurderingar Fløgstad skule
  - Styringsdialog og oppfølging med skulane – ekstern vurdering
  - Utviklingsplan hausten 2019 – kommunal versjon
  - Utviklingsplan vår 2020 – kommunal versjon
  - Utviklingsplan haust 2020 – kommunal versjon
  - Heimeside, Sauda kommune
  - Søknad om midlar til ekstern vurdering
  - Tildelingsbrev, midlar til ekstern vurdering
  - Minstestandard for kartlegging i Sauda skulen
  - Rutine for oppfølging av resultat, kartleggingar og brukarundersøkingar
  - Handlingsrettleiar for oppfølging av uro for elevar

- Årshjul for tema, lærande møter i rektorgruppa - førebels utkast
- Styringskort for grunnskulen 2019 – 2022 - Økonomiplan